



Hustadvika kommune
Tingplassen 1
6440 Elnesvågen

Deres ref:	Deres dato:	Vår ref.	Vår saksbehandler	Dato
		23/56991 - 15	Björn Gregull	06.03.2026

Vurdering av motsegn - Hustadvika kommune - Detaljregulering for Skaret

Fylkesutvalet har i møte 23.02.2026 fatta følgende vedtak i sak 13/26:

Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 5-4 første ledd, trekkjer fylkesutvalet den attverande motsegna til detaljregulering for Skaret – reguleringsendring 01, planID 202310 i Hustadvika kommune.

Grunngjeving:

Fylkesutvalet legg i denne saka vekt på at barnehagen allereie er etablert i eksisterande bygningsmasse, og at planen ikkje utløyer nye terrenginngrep eller behov for utvida teknisk infrastruktur. Planbeskrivelsen viser at området er arrondert og bygd ut frå før, og at bruk av eksisterande bygg gir avgrensa klima- og miljøpåverknad og unngår nye arealbeslag. Kommunen har dokumentert oppdaterte løysingar for tilkomst og trafikk etter krav i handbok N100, og uteområdet for barnehagen er sikra med gjerde. Trafikken til og frå barnehagen vil framleis vere bilbasert, men planmaterialet viser at bidraget til ÅDT er marginalt, og at tiltaket ikkje utløyer behov for større vegtiltak.

Det er også lagt vekt på at barnehagen har ein driftsform som er tett knytt til friluftsliv og bruk av det etablerte løype- og utfartsområdet, noko som ikkje kan oppnåast i meir sentrale lokaliseringar. Dokumentasjonen viser at drifta av barnehagen bidreg til å halde oppe aktivitetar og tenester på Skaret som er viktige for friluftsliv og folkehelse i regionen.

På denne bakgrunnen vurderer fylkesutvalet at det ligg føre særlege omstende som gjer det forsvarleg å fråvike dei overordna føringane i denne konkrete saka, utan å endre den generelle haldninga til lokalisering av publikumsretta tenester.

Med hilsen

Björn Gregull
fagleiar kommunal planlegging

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til
Statens vegvesen
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Saksframlegg

Dato Referanse Saksbehandlar
27.01.2026 23/56991 Björn Gregull

Saksnr.	Utval	Møtedato
13/26	Fylkesutvalet	23.02.2026

Vurdering av motsegn - Hustadvika kommune - Detailjregulering for Skaret

Trekke motsegn

Fylkesutvalet trekkjer motsegna til detaljregulering for Skaret – reguleringsendring 01.

Grunngjeving: Fylkesutvalet viser til fylkesstrategi punkt 3.3.2, som slår fast at fråvik frå retningslinjene skal grunngjevast. Barnehagen ligg i eit område og ein kommune der funksjonane i utgangspunktet er spreidde, og distriktsomsyn tilseier ei fleksibel praktisering av retningslinjene. At statsforvaltaren har trekt si motsegn, tilseier òg at reguleringsendringa ikkje bryt nemneverdig med statlege planretningslinjer. I tillegg har eit samrøystes Hustadvika kommunestyre vedteke å gi unntak frå kommuneplanen.

Forslaget vart seinare trekt.

Trekk motsegn (fellesforslag)

Med heimel i plan- og bygningslova § 5-4 første ledd, trekkjer fylkesutvalet den attverande motsegna til detaljregulering for Skaret – reguleringsendring 01, planID 202310 i Hustadvika kommune.

Grunngjeving:

Fylkesutvalet legg i denne saka vekt på at barnehagen allereie er etablert i eksisterande bygningsmasse, og at planen ikkje utløyser nye terrenginngrep eller behov for utvida teknisk infrastruktur. Planbeskrivelsen viser at området er arrondert og bygd ut frå før, og at bruk av eksisterande bygg gir avgrensa klima- og miljøpåverknad og unngår nye arealbeslag.

Kommunen har dokumentert oppdaterte løysingar for tilkomst og trafikk etter krav i handbok N100, og uteområdet for barnehagen er sikra med gjerde. Trafikken til og frå barnehagen vil framleis vere bilbasert, men planmaterialet viser at bidraget til ÅDT er marginalt, og at tiltaket ikkje utløyser behov for større vegtiltak.

Det er også lagt vekt på at barnehagen har ein driftsform som er tett knytt til friluftsliv og bruk av det etablerte løype- og utfartsområdet, noko som ikkje kan oppnåast i meir sentrale lokaliseringar. Dokumentasjonen viser at drifta av barnehagen bidreg til å halde oppe aktivitetar og tenester på Skaret som er viktige for friluftsliv og folkehelse i regionen.

På denne bakgrunnen vurderer fylkesutvalet at det ligg føre særlege omstende som gjer det forsvarleg å fråvike dei overordna føringane i denne konkrete saka, utan å endre den generelle haldninga til lokalisering av publikumsretta tenester.

Fylkesutvalet 23.02.2026 - sak 13/26

Behandling

Trekke motsegn

Fylkesutvalet trekkjer motsegna til detaljregulering for Skaret – reguleringsendring 01.

Grunngjeving: Fylkesutvalet viser til fylkesstrategi punkt 3.3.2, som slår fast at fråvik frå retningslinjene skal grunngjevast. Barnehagen ligg i eit område og ein kommune der funksjonane i utgangspunktet er spreidde, og distriktsomsyn tilseier ei fleksibel praktisering av retningslinjene. At statsforvaltaren har trekt si motsegn, tilseier òg at reguleringsendringa ikkje bryt nemneverdig med statlege planretningslinjer. I tillegg har eit samrøystes Hustadvika kommunestyre vedteke å gi unntak frå kommuneplanen.

Forslaget vart seinare trekt.

Trekk motsegn (fellesforslag)

Med heimel i plan- og bygningslova § 5-4 første ledd, trekkjer fylkesutvalet den attverande motsegna til detaljregulering for Skaret – reguleringsendring 01, planID 202310 i Hustadvika kommune.

Grunngjeving:

Fylkesutvalet legg i denne saka vekt på at barnehagen allereie er etablert i eksisterande bygningsmasse, og at planen ikkje utløyser nye terrenginngrep eller behov for utvida teknisk infrastruktur. Planbeskrivelsen viser at området er arrondert og bygd ut frå før, og at bruk av eksisterande bygg gir avgrensa klima- og miljøpåverknad og unngår nye arealbeslag.

Kommunen har dokumentert oppdaterte løysingar for tilkomst og trafikk etter krav i handbok N100, og uteområdet for barnehagen er sikra med gjerde. Trafikken til og frå barnehagen vil

framleis vere bilbasert, men planmaterialet viser at bidraget til ÅDT er marginalt, og at tiltaket ikkje utløyser behov for større vegtiltak.

Det er også lagt vekt på at barnehagen har ein driftsform som er tett knytt til friluftsliv og bruk av det etablerte løype- og utfartsområdet, noko som ikkje kan oppnåast i meir sentrale lokaliseringar. Dokumentasjonen viser at drifta av barnehagen bidreg til å halde oppe aktivitetar og tenester på Skaret som er viktige for friluftsliv og folkehelse i regionen.

På denne bakgrunnen vurderer fylkesutvalet at det ligg føre særlege omstende som gjer det forsvarleg å fråvike dei overordna føringane i denne konkrete saka, utan å endre den generelle haldninga til lokalisering av publikumsretta tenester.

Votering nr 1 - **Votering over forslag**

Opprinnelig forslag: 0 stemmer (0%)

NF - Trekk motsegn (fellesforslag): 13 stemmer (100%) - AP 2, FRP 3, H 2, KRF 1, MDG 1, SP 2, SV 1, V 1

Geir Ove Leite (AP), Andre parti: FRP, H, KRF, MDG, SP, SV, V

Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 5-4 første ledd, trekkjer fylkesutvalet den attverande motsegna til detaljregulering for Skaret – reguleringsendring 01, planID 202310 i Hustadvika kommune.

Grunngjeving:

Fylkesutvalet legg i denne saka vekt på at barnehagen allereie er etablert i eksisterande bygningsmasse, og at planen ikkje utløyser nye terrenginngrep eller behov for utvida teknisk infrastruktur. Planbeskrivelsen viser at området er arrondert og bygd ut frå før, og at bruk av eksisterande bygg gir avgrensa klima- og miljøpåverknad og unngår nye arealbeslag.

Kommunen har dokumentert oppdaterte løysingar for tilkomst og trafikk etter krav i handbok N100, og uteområdet for barnehagen er sikra med gjerde. Trafikken til og frå barnehagen vil framleis vere bilbasert, men planmaterialet viser at bidraget til ÅDT er marginalt, og at tiltaket ikkje utløyser behov for større vegtiltak.

Det er også lagt vekt på at barnehagen har ein driftsform som er tett knytt til friluftsliv og bruk av det etablerte løype- og utfartsområdet, noko som ikkje kan oppnåast i meir sentrale lokaliseringar. Dokumentasjonen viser at drifta av barnehagen bidreg til å halde oppe aktivitetar og tenester på Skaret som er viktige for friluftsliv og folkehelse i regionen.

På denne bakgrunnen vurderer fylkesutvalet at det ligg føre særlege omstende som gjer det forsvarleg å fråvike dei overordna føringane i denne konkrete saka, utan å endre den generelle haldninga til lokalisering av publikumsretta tenester.

Fylkeskommunedirektøren si innstilling

Med heimel i plan- og bygningslova § 5-4 første ledd, opprettheld fylkesutvalet motsegn mot detaljregulering for Skaret – reguleringsendring 01, planID 202310 i Hustadvika kommune.

Samandrag

Møre og Romsdal fylkeskommune har fremja motsegn til detaljregulering for Skaret i Hustadvika kommune. Det vart i tillegg fremja motsegn til to planfaglege og tekniske forhold i planen. Desse er i ettertid løyste på ein tilfredsstillande måte av kommunen, og administrasjonen har trekt desse motsegnene etter at oppdatert plandokumentasjon vart lagt fram.

Den attverande motsegna gjeld lokalisering av barnehage, som er vurdert å vere i strid med statlege planretningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging, samt mål og føringar i fylkesstrategien for attraktive byar og tettstader.

Fylkesstrategien for attraktive byar og tettstader

Fylkesstrategien er vedteken av fylkestinget og er bindande for fylkeskommunen si administrative saksbehandling. Administrasjonen er difor forplikta til å fremje motsegn der planar er i strid med strategien sine mål.

Eitt av resultatmåla i fylkesstrategien slår fast at:

«Lokalisering av ulike funksjonar og fysiske anlegg i byar og tettstader skal skje på ein måte som aktivt reduserer transportarbeidet, klimagassutsleppa og miljøulempene, og som reduserer støv- og støyplager.»

Plassering av barnehage på Skaret er vurdert å medføre auka transportbehov, særleg knytt til bringing og henting med bil, og er dermed i strid med dette resultatmålet.

Vidare heiter det i fylkesstrategien punkt 3.3.2:

«Lokalisering av publikumsretta sentrumsfunksjonar som handel, service, offentleg og privat tenesteyting, kultur- og aktivitetstilbod, samt bedrifter med mange kontorarbeidsplassar, skal skje i sentrumskjerna, nær kollektivknutepunkt. '10-minuttersbyen' skal gjelde som prinsipp. Fråvik frå dette skal bli grunngjevne.»

Barnehage er eit publikumsretta tenestetilbod, og den føreslåtte plasseringa er ikkje i samsvar med desse føringane.

Statlege planretningsliner for arealbruk og transport

Planforslaget er òg vurdert å vere i strid med føremålet i dei statlege planretningslinene for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging. I føremålet heiter det mellom anna at:

«Retningslinene skal fremje eit lågutsleppssamfunn gjennom utvikling av berekraftige, kompakte og attraktive byar og tettstader. Arealbruken skal leggje til rette for gode mobilitetsløysingar og redusert transportbehov.»

Planforslaget kjem i konflikt med fleire konkrete punkt i retningslinene, mellom anna:

Punkt 3.1 Samordna areal- og transportplanlegging, der det vert stilt krav om at utbyggingsmønster og transportsystem skal samordnast for å avgrense transportbehovet og leggje til rette for kollektivtransport, sykkel og gange. Hovudtyngda av publikums- og besøksintensive verksemdar skal lokalisrast i tråd med desse prinsippa.

Punkt 3.3 Handel og tenester, som slår fast at publikumsretta private og offentlege tenestetilbod skal lokalisrast med god tilgjenge for kollektivtransport, sykkel og gange.

Punkt 5.1 Stadsutvikling og bustadbygging, der det vert lagt vekt på å styrkje sentrumsområde og fellesarenaer i mindre tettstader, og sikre god tilgjenge til lokale tenestetilbod for innbyggjarane.

Bakgrunn

Kven har vedtakskompetanse i saka?

Vurderinga av om motsegn som byggjer på fylkeskommunale planar og strategiar skal opprettheldast eller trekkjast, er ei politisk avgjerd som berre fylkesutvalet kan ta. Etter kommunelova § 13-1 tredje ledd har fylkeskommunedirektøren plikt til å sørge for at saka er fagleg forsvarleg utgreidd, og skal gi det folkevalde organet eit faktisk og rettsleg grunnlag for å treffe vedtak.

Vurdering

Økonomiske og administrative konsekvensar

Tiltaket gjeld etablering av barnehage i eksisterande bygg og inneber ikkje nye investeringar eller driftsoppgåver for fylkeskommunen. Det er difor ikkje venta vesentlege konsekvensar for fylkeskommunal økonomi. Administrativt vil saka i hovudsak avgrensast til ordinær plan- og saksbehandling, og gir ikkje behov for auka ressursbruk utover dette.

Relevante planar og målsettingar i våre sentrale planverk (Regional planstrategi, fylkesplan)

Planlagt tiltak vil stride mot fylkesstrategi for attraktive byer og tettstader.

Klima og miljø

Lokalisering av barnehagen i eit turområde med avstand til bustadområde kan medføre auka bruk av bil til bringing og henting, noko som kan gi auka klimagassutslepp samanlikna med meir sentrale og bustadnære lokaliseringar. Samstundes tek tiltaket i bruk eit eksisterande bygg, utan nye arealinngrep, noko som avgrensar negative verknader for naturmangfald, landskap og økosystem. Auka aktivitet og ferdsel i området kan likevel påverke lokal miljøkvalitet, til dømes gjennom støy, slitasje på vegetasjon og forstyrning av friluftsopplevingar. Nærleik til natur kan på den andre sida bidra til miljømedvit og naturforståing hjå barn, og slik ha ein positiv indirekte effekt over tid.

Folkehelse

Lokalisering av barnehagen i eit turområde med betydeleg avstand til bustadområde kan medføre auka transportbehov, særleg knytt til bringing og henting med bil. Dette kan gi auka trafikkbelastning på tilførselsvegar og ein lågare del gange og sykling samanlikna med meir bustadnære lokaliseringar. Sjølv om tiltaket tek i bruk eit eksisterande bygg og ikkje inneber nye fysiske inngrep i turområdet, kan auka aktivitet og ferdsel påverke opplevingskvalitet og bruk av området til friluftsliv. Samstundes kan nærleik til natur og grøntområde gi pedagogiske og helsemessige kvalitetar for barnehagen.

Konklusjon

Det er vurdert å vere mogleg å etablere eit barnehagetilbod med tilsvarande kvalitetar knytt til natur og friluftsliv, samstundes som krava i dei statlege planretningslinene og fylkesstrategien vert oppfylte. Med den valde plasseringa ligg barnehagen langt frå bustadområda i begge kommunar, og tilkomsten vil i hovudsak vere avhengig av bilbruk.

På dette grunnlaget er administrasjonen forplikta til å oppretthalde motsegna til planen.

Toril Hovdenak
Fylkeskommunedirektør

Vedlegg

Anmodning om trekk av innsigelse - motsegn 1 og 2 - Skaret

PlanID202310_Planbeskrivelse 160126

PlanID202310_Planbestemmelser 160126

202310 Plankart 06.10.2025

202310 Plankart A3 06.10.2025

Hustadvika kommune - detaljregulering - reguleringsplan Skaret - anmodning om trekk av innsigelse